



## Modalen kontrollutval

### Møteprotokoll

Møtedato: 24. november 2021 kl. 09.00 – 11.30  
Stad: Møterom, Brannstasjonen  
Tilstade: Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Bjørn Helge Venås (medlem), Linda Tollefsen (medlem)  
Forfall: Tom Kristian Thorsen (leiar)  
Innkalla: Ordførar Kjetil Eikefet og Rådmann Jo Tømmerbakke  
Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS (via Teams)  
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Region Nordhordland

---

### 33/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

**Behandling i møte:**

Ingen kommentarar til innkalling og sakliste.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.



### **34/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 29.09.2021**

Saksvedlegg:

*Møteprotokoll frå Modalen kontrollutval, 29.09.2021*

**Saksopplysingar:**

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Behandling i møte:

Ingen kommentarar til protokollen.

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå møtet 19.05.2021 er godkjent.

### **35/21 Skriv og meldingar**

a. Info om aktuelle kurs

**Saksopplysingar:**

Det er fleire tilgjengelege kurs for kontrollutvalsmedlemmer. Sekretariatet vil orientere kort om desse i møtet.

Behandling i møte:

Sekretariatet orienterte kort om aktuelle kurs arrangert av FKT ([www.fkt.no](http://www.fkt.no)) og NKRF ([www.nkrf.no](http://www.nkrf.no)). Kontrollutvalet er oppmoda til å ta kontakt med leiar for kontrollutvalet dersom ein ønskjer å melde seg på kurs.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



## 36/21 Aktuelt i Modalen kommune

### Saksopplysingar:

Rådmann og ordfører er invitert til å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Modalen kommune.

### Behandling i møte:

Ordfører Kjetil Eikefet orienterte om:

- Modalen Næringsbygg
  - Open møte med næringsliv og andre interesserte
  - Møte med næringslivaktører
- Folketalsutvikling i Modalen
  - Statistikk og drøfting av strategiske grep.

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om:

- Arbeid med budsjett
  - Vore på høyring i ulike råd- og utval, og skal handsamast i kommunestyret 9. desember
  - Eit balansert og realistisk budsjett
  - Oppmoding til å avvente investeringar framover; rett over 60 % ..
- Raset bak Bryggjeslottet
  - Rassikringsfirma skal vere ferdig i løpet av evke 49
  - Planlagt vedlikehald på bygget i løpet av veke 50
  - Målet er å opne opp igjen Bryggjeslottet etter nyttår
  - Tilrådde tiltak på sikt
  - Forsikring
- Rekruttering til ledige stillingar i Modalen kommune.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



### **37/21 Orientering om status nytt kommunehus**

#### **Saksopplysingar:**

Administrasjonen er beden om å orientere kort om status for byggeprosjektet med nytt kommunehus.

#### **Behandling i møte:**

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om prosessen for byggeprosjektet med nytt kommunehus.

Det er noko små forseinkingar med framdrift, men ein har god dialog med entreprenør og vil snart kunne overta bygget. Dette har ikkje forseinka andre parallelle prosesser som t.d. innflytning av møblar. Malingsarbeid vert ferdiggjort på eit meir gunstig tidspunkt.

Det vert gjennomført statusmøter internt for oppfølging og planlegging av innflytning, samt oppfølgingsmøter med Modalen Næringsbygg og Uni Micro.

Formannskapet skal vere jury i ein namnekonkurranse for det nye bygget.

Det er elles førebudd ei sak til formannskapet om utsmykking av bygget, og ein ser på både kunst ein har hatt i det gamle bygget, samt eldre bilder frå.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### **38/21 Engasjementsbrev, Vestlandsrevisjon IKS**

#### **Saksvedlegg:**

*Engasjementsbrev – Modalen kommune, Vestlandsrevisjon IKS*

#### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet har motteke engasjementsbrev frå Vestlandsrevisjon IKS, som skal sendast ein gang kvar valperiode og elles ved behov. Vestlandsrevisjon IKS er samanslått frå dei tidlegare revisjonsselskapa Indre Hordaland revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS, og har formelt vore revisor for Modalen kommune frå 01.01.2021. Engasjementsbrevet gjev nærare informasjon om innhaldet i oppgåver og ansvar til revisor.

Revisjonssjef Janne Eraker vil i møtet gje ei orientering om engasjementsbrevet.



Behandling i møte:

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om engasjementsbrevet, og peika på at dette kom på nytt no på grunn av endringa kring samanslåinga av revisjonsselskap. Nordhordland Revisjon IKS no er Vestlandsrevisjon IKS, og det er difor naturleg med eit nytt engasjementsbrev slik at formalia er på plass. Det er ikkje endringar i engasjementsbrevet ut over dette.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### **39/21 Orientering om overordna revisjonsstrategi**

Saksvedlegg:

*Overordna revisjonsstrategi 2021 – Modalen kommune, Vestlandsrevisjon IKS*

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet har motteke overordna revisjonsstrategi for 2021 frå revisor. Føremålet med dokumentet er å informere kontrollutvalet og kommunen si leing om dei oppgåver som revisor har planlagt for Modalen kommune for rekneskapsåret 2021.

Revisjonssjef vil i møtet gje ei nærare orientering om den overordna revisjonsstrategien og svare på spørsmål knytt til dette.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte nærare om overordna revisjonsstrategi for revisjonsåret, som starta tidleg i august 2021, og formålet med denne. Strategien omfattar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Strategien er basert på risikobiletet, som kan endra seg frå år til år. Revisor er no i prosess med interimrevisjon, der ein i år har fokus både på kontroll av interne rutinar og stikkprøver.

Det vart vidare orientert nærare om planar for revidering av årsoppgjeret og særlege fokusområde. Kontrollutvalet vil få interimrapport til handsaming på første møte i kontrollutvalet etter nyttår. Elles vil det kome rapport frå årsoppgjeret til sakshandsaming etter årsoppgjeret er avslutta.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



## 40/21 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon

### Saksopplysingar:

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon i sak 058/20 med følgjande prioriterte område:

1. *Oppfølging av politiske vedtak*
2. *Etikk, varsling og habilitet*
3. *Internkontrollsystem*

Det var vidare i vedtaket ei uprioritert liste med følgjande tema:

- *Rekruttering, løn- og tilsettepolitikk*
- *IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)*
- *Avvikssystem og oppfølging*
- *Vassforsyning og vasskvalitet*
- *Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar*
- *Offentlegheit, innsyn og personvern*
- *Kvalitet i skulefritidsordning.*

Kommunestyret delegerte mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen.

Det vert i møtet lagt opp til ei drøfting av aktuelle tema for forvaltningsrevisjon i perioden.

### Behandling i møte:

Sekretariatet innleia i saka og oppmoda kontrollutvalet til å drøfte område for forvaltningsrevisjon, og be om overordna orienteringar frå administrasjonen om aktuelle tema for å bidra til ei god bestillingsdialog og gje betre grunnlag for prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet drøfta aktuelle område i planen, og ønskjer å få nærare orienteringar frå administrasjonen om organisering og aktuellt utviklingsarbeid knytt til dei tre første prioriterte områda i planen. Kontrollutvalet ønskjer også nærare orientering om samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar, med fokus på aktuelle interkommunale samarbeid, samt ei kort orientering om korleis kommunen jobbar overordna med kvalitet i skulefritidsordninga.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og ber om at administrasjonen i neste møte orienterer overordna om følgjande tema:

- *Oppfølging av politiske vedtak*
- *Etikk, varsling og habilitet*
- *Internkontrollsystem*
- *Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar*
- *Kvalitet i skulefritidsordning.*



## **41/21 Orientering om evaluering undervegs i perioden 2019 – 2023 – Kontrollutvalet sin eigenvurdering**

### **Saksopplysingar:**

I Kontrollutvalsboka frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som er rettleiande for arbeidet til kontrollutvala, står det at det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Ved å gjennomføre evaluering midtvegs i ein periode vil det vera mogleg å gjera forbetringstiltak som kjem arbeidet i utvala til gode i resten av perioden.

Sentrale spørsmål kan vera om kontrollutvalet sine forventingar til sekretariat og revisjon blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde, korleis utvala vurderer arbeidet sitt og generelt korleis mulighetane ligg til rette til å få gjort ein god jobb i kontrollutvala.

Evalueringa kan gjerast som ei anonym, digital spørjeundersøking der ein i hovudsak rangerer ulike tema på ein skala frå 1 – 5. Sekretariatet ved Region Nordhordland IKS (RNI) planlegg å gjennomføre same undersøking i alle kontrollutvala RNI er sekretariat for. Slik kan ein sjå på resultat for kvart enkelt utval, samt identifisera om det er fellestrekk som går igjen i dei ulike kommunane, og som kan vera arbeidd med overordna og på tvers for forbetring.

Undersøkinga er tenkt gjennomført seinhaust 2021, og resultat kan bli gjennomgått i første møte i 2022, samt i leiarsamling som er planlagt i januar 2022.

Sekretariatet vil orientere nærare i møtet om planane for evalueringa, og legg opp til ein kort drøfting kring innspel til prosessen.

### **Behandling i møte:**

Sekretariatet informerte om prosessen og planane for oppfølging av evalueringa.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



#### 42/21 Møteplan for 2022

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vil få framlagt forslag til møteplan for 2022 i møtet.

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet drøfta møteplanen, og vil godkjenne denne til neste møte. Første møtet i kontrollutvalet i 2022 vert 23. februar kl. 09.00.

**Samrøystes vedtak:**

Neste møte i kontrollutvalet vert 23. februar kl. 09.00.

#### 43/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Lenke til politisk møtekalender:

<https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet hadde ei kort gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

**Samrøystes vedtak:**

Ingen kommentarar til møteprotokollar frå politiske utval.

#### 44/21 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

**Behandling i møte:**

Ingen saker under eventuelt.

**Samrøystes vedtak:**

Ingen saker under eventuelt.





**Neste møte i kontrollutvalet er: 23. februar kl. 09.00.**

Modalen, 24.11.2021

Ove Eidsnes  
*Nestleiar i kontrollutvalet*

Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*